



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:

30.01.2025

Vår ref:

2025/83

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Hol kommune
Ålmannvegen 8
3576 HOL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Henriette Bye, 5764 3008

Uttale - Bygging av anneks på Ustaoset - Hol 52/362 - Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Viser til oversending frå Hol kommune datert 2. januar 2025.

Bakgrunn

Hol kommune ber om uttale til søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel for bygging av anneks knytt til eksisterande hytte på Ustaoset. Annekset skal byggast på areal som i dag nyttast til terrasse. Denne skal rivast, og BYA vil difor ikkje endrast ved bygging.

Villreinnemnda er ei statleg nemnd som har som ei hovudoppgåve å sjå til at villreinområda våre ikkje blir forringa, og ikkje gjev dårlegare levevilkår for villreinen gjennom året. Dette gjeld for alle villreinområda, men fokuset skal vere ekstra sterkt i dei oppretta nasjonale villreinområda.

Vurdering

Villreinnemnda er generelt kritisk til bygging av nye fritidsbustader, og anna aktivitet, som ligg i nærleiken av leveområdet til villreinen i Nordfjella. Det er naturleg at mykje av ferdsla frå hyttefeltet går inn i dei gode beiteområda for reinen, og kan føre til at områda går ut av bruk. Det er denne totale auken i aktivitet og ferdsle som er negativ. Som nemnda har peika på i fleire av sakene i Hol kommune, er det eit mål å ta vare på dei relativt urørte gode beiteområda rundt Hallingskarvet. Det er difor viktig å unngå nye inngrep i utkantane som fører til auka ferdsle inn i villreinområdet.

Søknaden i denne saka gjeld bygging av anneks knytt til eksisterande hytte der det er naturleg at ferdsla og aktiviteten vil skje mot og inn i villreinområdet. Etter vårt syn vil det auke belastninga på området og vil vere negativt for det som er hovudmålet for villreinnemnda, å ta vare på villreinen og leveområda for framtida.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen
114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Tlf. 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no



Kunnskapen om villrein og prioriteringane for å ta vare på villreinen, og leveområda til villreinen, har fått auka merksemd dei siste par åra. Vi kan nemne kvalitetsnormen for villrein der Nordfjella villreinområde ble klassifisert med raud status, dvs. dårleg kvalitet. Det er i norma vurdert at arealbruken til reinen på sørsida av Hallingskarvet i vesentleg grad er påverka av ferdsel. Reinen har her ei arealunnvikning på over 90%, både på sommar- og vinterbeite.

Stortingsmeldinga om villrein ble lagt fram i 2024, og det er utarbeidd tiltaksplanar som har som mål å betre situasjonen for villreinen. To av tiltaka for å nå måla er relatert til hyttebygging: arealforvalting og ferdsle. For å nå målet om å betre tilstanden til villreinen i Nordfjella, må ferdsla inn i området avgrensast.

Det er i fleire andre «villreinkommunar» i Sør-Noreg mange slike saker, som kvar for seg er uproblematisk, men som i sum likevel fører til ein bit-for-bit utbygging som er klårt uheldig, dersom vi skal ha håp om å ta vare på villreinens leveområde for framtida. Vi viser og til våre uttaler i liknande saker i Hol kommune i 2024.

Konklusjon

Summen av mye ulik menneskeleg aktivitet førar til ei innskrenking av villreinstamma sitt funksjonsområde, og verkar negativt på overlevinga. Det er difor viktig å avgrense aktivitet der det er mogleg. Tolegrensa for reinen i området er nådd.

Reinen i Nordfjella nyttar området nord for tiltaksområdet i stor grad. Aktiviteten som ytterlegare utbygging so nære omsynsområdet vil føra til, vil kunne ha ei negativ verknad på stamma. Det er eit mål om å avgrense, og ikkje leggja til rette for, aktivitet opp mot Hallingskarvet. Bygging av fritidsbustadar og anneks vil kunne ha ei direkte negativ verknad på målsettinga. Nemnda tilrår difor at kommunen ikkje gjev dispensasjon for bygging av anneks her.

Med helsing

Trygve Skjerdal
leiar

Hermund Mjelstad
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus
Buskerud fylkeskommune

Postboks 325 1502 MOSS